

Frå Fjordabaatane ved Harald Kvinge

**Søknad om tilskot til utvikling av formidlingskonsept for fjordabåtane med D/S Stord I som pilot for utprøving av formidlingsmal. Utviklinga er organisert som eit prosjekt med Fjordabaatane som prosjekteigar og styret er styringsgruppe.**

Prosjektet har følgjande prosjektgruppe/ressurspersonar: Harald Sætre, Dag Bakka jr. og Harald Kvinge (prosjektleder).

Forstudie og forprosjekt har konkludert med at det er behov for å gå vidare med eit hovudprosjekt.

Forprosjektet har kome opp med notat om innhald i hovudprosjektet. D/S Stord I skal vera pilot og ulike formidlingstiltak skal prøvast ut knytt til denne båten. Erfaringane frå «Stord I» skal leggjast til grunn for endeleg generell mal for fjordabåtane. Ut frå denne skal kvar fjordabåt kunna laga sitt eige formidlingsopplegg.

## «Formidlingsprosjekt for ds Stord – notat 1

Etter møte med Harald Sætre 19 oktober 2016

### Mål:

Å presentere og formidle en viktig del av vår nasjonale historie, ved

- formidling av sjøve skipet
- rutefart og kommunikasjon, skiftande tider (frå sjø til land)
- reisemåte og samfunnsutvikling (rutetider, tidsbruk, klasseskilje)
- forankre fartøyvernet sentralt i formidling av historia med omsyn til teknologi, samfunnsutvikling og lokalhistorie

Plassere skipet i kulturlandskapet i høve til stoggestader, ferdselvegar, samkvem, næringsutvikling og kultur. Synleggjere skipet i kulturformidlinga.

### Dette kan vi få til ved å syne fram

- skipet i seg sjølv, teknologi, maskin, navigasjon, manøvrering, matstell, salongar, sosiale skilje om bord
- selskapet HSD, grunnlaget, ruteområdet, samfunnsoppgåva
- ruter og stoggestader i distriktet, rutekart > lokalhistorie

Båten som historiekanal i det maritime kulturlandskapet.

### Nokre målgrupper:

- alle er aktuelle, jf. "ope skip"
- interessert i - bli aktive/mannskap
- mannskapet, gi meir kunnskap
- ungdom, kanskje opplegg for ulike alderstrinn
- interesserte personer, dvs. historieinteresserte

### Ulike former for presentasjonar:

- 1 Ope skip ved kai under festivalar/folkeliv  
Informasjon ved plakatar, foldar med detaljer om båten og HSD

- Dette vil dekke behovet for dei fleste.
- 2 Rekruttering, ta hand om dei med interesse for å bli med: Aktiv haldning frå mannskapet, ha noko å tilby.
  - 3 Informasjon om bord: Plakatar, rutekart, bilder, brosjyrer, informasjon om leia, kva vi ser osv.
  - 4 Legge opp eigne turar med tema knytt til skipet og lokalhistoria.  
Slike turar kunne blir lagt opp i samarbeid med t d sogelag, lokale kystlag, Skipet og andre. Det er og eit høve til å bygge relasjonar til museer, kulturkontor, lokale politikarar og samstundes til synleggjering av båten i vidare kulturformidling.
  - 5 Opplegg for ungdom/skuleklassar er og mogeleg, men kanskje meir knytt til ungdomstrinnet og samfunnsfag/historie, eller vidaregåande skule i teknologi og samfunnsfag.

### **Bruksplan og nettverksbygging**

Når båten no er ferdig restaurert og driftsklar er det truleg lagt ein driftsplan for dei neste åra.

I en slik bruksplan kunne ein óg vurdere å få til større "eigarskap" til båten gjennom samarbeid med sogelag, kulturkontor, maritime lag osv om bruk/turar med breiare lokalhistorisk innhald, som nemnt i pkt 4 over.

Ein må vere førebudd på at slik nettverkbygging kan ta tid og kanskje bli noko personavhengig. Likevel er det et høve til å gi skipet større aktualitet og fartøyvernet betre legitimitet i distriktet, hjå historielag, kommunar og folk flest.

Båten skal ut og gjere en jobb i kulturformidling, historieforteljning og folkeopplysing. Dette bør vi vere med på.

19 oktober 2016

Dag Bakka (for Harald Sætre og meg)»

### **Kostnadsoverslag/søknadssum 2017.**

Honorar og andre utgifter til prosjektmedarbeidarar kr. 70 000,00

Det er krevjande å utvikla eit formidlingskonsept med eit tungt fagleg grunnlag i høve til dei mål som er sett opp. Harald Sætre og Dag Bakka jr. er begge fagleg sterke. Dei kan visa til forfattarskap av bøker og publikasjonar om fjordabåtar og skipsfart. Prosjektet har kontakt med tilsette ved Hardanger fartøyvernssenter og det kan bli aktuelt å kjøpa kompetanse frå dei.


I tillegg til kjøpte tenester vil det vera dugnadsinnsats frå prosjektorganisasjonen til prosjektstyring, innspel og utgreiing om innhald og utprøving av presentasjonsutstyr og materiell.

Utprøving av presentasjonsutstyr og materiell om bord i piloten D/S Stord I kr. 35 000,00

Aktuelt utstyr kan vera digitalt utstyr for vising av historiske filmar, historiske miljøbilder, rutekart, plakatar, faldarar mm.

**Søknadssum 2017 kr. 105 000,00**

**Bergen, 25. oktober 2017**

  
Harald Kvinge/prosjektleder